



Nedre del av Uskedalselva.

Fiskesesongen har starta godt, og mange fine fiskar er landa. Nokre av fiskarane i den flotte elva vår har filma naturopplevingar og spenningar dei har hatt ved elva. To av dei er Ole Martin Gilbu, som har filma frå fleire turar til Uskedalen dei siste åra, og lagt ut på Youtube. Ein annan er den lokale fiskaren Knut Inge Eidsvik.

Ole Martin Gilbu har lagt ut fleire flotte filmar frå Uskedalselva som han karakteriserer som ei perle. Han står bak bloggen Fiskejegeren, og hovudmålet hans med å publisera videoane er å inspirera og å dela ekte fiskeglede.

De finn fleire fine videoar på Youtube, men ved å klikka [her kan de sjå ein flott film frå fiske i Uskedalselva som han la ut etter sesongen i fjor.](#)

Gilbu har tatt turen over fjellet og har vore og fiska i Uskedalselva denne sesongen også.

Knut Inge Eidsvik er ein erfaren fiskar, og er den som har fått størst fangst til no denne sesongen. Han har fått fleire store laksar, den største på 6,2 kg. Men han har også hatt endå større fiskar på kroken. Han har lagt ut ein video der han kjempar med ein 10 kilosfisk offentlig på facebook. Den opplevinga kan de [sjå ved å klikka inn her.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland